

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Mandag 8. september 2008 kl. 13.15 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF.
Møtet vart halde som telefonmøte.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Kompetanse til å avgjere lokalisering av nasjonal eining for enkeltoppgjer for pasienttransport

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Statssekretær Dagfinn Sundsbø

Frå styret møtte: Oddvard Nilsen, leiar
Gunnar Berge
Torill Selsvold Nyborg
Gro Skartveit

Frå administrasjonen møtte: Administrerande direktør Herlof Nilsen

Også til stades: Ekspedisjonssjef Per Bleikelia
Avdelingsdirektør Mette Bakkeli
Seniorrådgjevar Jan-Erik Barbakken

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om helseforetak, og møtte ved Janicke Weum.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Statssekretær Dagfinn Sundsbø ønskte, som øvste eigarmyndighet, velkommen og leste opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Oddvard Nilsen og Mette Bakkeli vart valde til å skrive under protokollen.

Dagfinn Sundsbø overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden.
Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Kompetanse til å avgjere lokalisering av nasjonal eining for enkeltoppgjør for pasienttransport

Departementet viste til oppdrag frå føretaksmøte i januar 2008 om føresetnader og mål for overtaking av oppgåva med å handtere enkeltoppgjør for pasienttransport frå NAV, mellom anna organisering av tenestene:

"Føretaksmøtet viste til protokoll frå føretaksmøte i februar 2007 og sluttrapport sendt over frå Helse Sør-Øst RHF dagsett 29. juni 2007. Helse- og omsorgsdepartementet legg til grunn at overføring av enkeltoppgjør for pasienttransport frå AV etaten til regionale helseføretak blir gjennomført i løpet av 2009."

Når det gjeld organisering av tenestene blei det gitt følgjande krav:

Føretaksmøtet peika på at organisering og lokalisering av regionale eininger for saksbehandling bør bli avklart så raskt som mogleg, slik at det kan bli lagt til rette for rekruttering av nødvendig kompetanse frå AV etaten.

Føretaksmøtet la til grunn at organiseringa av enkeltoppgjer blir lik for heile landet:

- *Det skal etablerast ei felles eining for dei fire regionale helseføretaka som skal ivareta fellesoppgåver, samordningsoppgåver og transaksjonstunge saksbehandlingsoppgåver.*
- *Det skal også etablerast fleire einingar innan kvar helseregion for å ivareta saksbehandling. Organiseringa regionalt bør sjåast i samanheng med organiseringa av kjorekontor og oppgjerstenester.”*

Departementet har fått melding om at endeleg dato for å overføre oppgåver vil vera 31. desember 2009, med gradvis overføring frå ca 1. september 2009. Departementet er vidare gjort kjende med og har forstått at lokalisering av dei regionale einingane vil vere vedteke innan 30. september i år i tråd med føringar gitt i føretaksmøtet.

Dei regionale helseføretaka har lagt til grunn at den nasjonale eininga vil bli organisert som eit ansvarleg selskap (ANS), eige av dei fire regionale helseføretaka. Det ansvarlege selskapet vil ha følgjande hovedoppgåver:

- Utføre deler av dei tunge oppgåvene knytta til enkeltoppgjer (mottak av krav, skanning og utbetaling)
- Gi generell informasjon om enkeltoppgjer til brukarane
- Ha ansvar for forvaltninga
- Ha systemeigarskap
- Forvalte og utvikle IKT-løsningar
- Ha juridisk ekspertise og drive opplæring i regelverk
- Kontakt med overordna myndigheter
- Kontroll og revisjon

Dei regionale helseføretaka etter lov om helseforetak § 1, myndigkeit til å vedta organisering og lokalisering av verksemde dei er ansvarlege for. I dette høvet som gjeld etablering og lokalisering av ei nasjonal eining, vil imidlertid eigar fatte vedtak.


Føretaksmøtet vedtok:

1. *Eigar vil vedta lokalisering av nasjonal eining for enkeltoppgjer for pasienttransport.*
2. *Vedtaket vil bli formidla til dei regionale helseføretaka i eigt brev.*

Møtet blei heva kl 13.23.

Oslo, 8. september 2008

Mette Bakkeli



Oddvard Nilsen